

Heil!

Vi vil takke for samarbeidet i samband med oppstart av IHR ved legekontora. IHR er no breidda til 21 legekontor i Møre og Romsdal. Vi er takksame for at de har vore positive til å komme i gang med IHR, og at de nyttar systemet aktivt. Dette er ei stor kvalitetsforbetring med omsyn til pasientsikkerheit og gir større grad av sporbarheit. IHR prøver krev i mindre grad av manuelle rutinar ved mottakslaboratoria, og bidreg med å effektivisere drifta.


Ut i frå tilbakemeldingar som vi har fått frå laboratoria som mottok IHR-prøver og spørsmål vi har fått frå legekontora, har eg forsøkt å lage ei oversikt på ulike rutinar for IHR. Eg har lagt ved nokre bilete for å illustrere korleis ein kan løyse enkelte problemstillingar. Bileta er henta frå eit IHR – testsystem, og vil kunne sjå noko annleis ut i produksjon. Det er lagt ved ei korrigering av informasjon som er gitt tidlegare.

Ta i bruk IHR for nye brukarar

Vi har blitt kontakta nokre gongar i det siste, der det har blitt spurt om rutinar og framgangsmåtar som gjeld når nye rekvirentar skal ta i bruk IHR.

Dersom nye brukarar skal ta i bruk IHR ved eit legekontor, ber vi om at følgjande blir gjort:

- Sørgje for at rekvirenten blir registrert ved dette legekontoret i Norsk Helsenett sitt adresseregister. Bestillingane i IHR blir identifisert gjennom HER-ID som er oppgitt i NHN
- Melde frå om ny brukar til Hemit (hpsm@hemit.no eller tfn. 03612)
- Ved legekontor som nyttar **CGM journal** må IHR-lkonet leggst til for nye brukarar ved første gangs pålogging. Ein må også hake av for at NCS skal nyttast. *Sjå vedlagt brukarretteiing (gjeld CGM journal).*
- Ein kan i nokre tilfelle måtte oppdatere tenestekatalogen ved første gongs pålogging for å få opp tenestetilbodet og aktuell bestiller/rekvirent. Dette gjerast på følgjande måte:
Vel «Hjelp» i menyen til venstre, vel deretter «Oppdatert tenestekatalog». Lukk IHR og gjer ei ny innlogging.



Korrigering til tidlegare utsendt informasjon, «prøver som pasienten tek sjølv»

Følgjande informasjon har vore sendt ut tidlegare:

Rutiner følgjast for bestillingar i IHR, i tilfelle der pasienten tek prøva sjølv:

1. Det opprettast ei eiga bestilling i IHR for aktuell analyse.
2. Pasienten blir bedt om å levere merka prøve (IHR-etikett) til legekontoret, med informasjon om prøvetakingstidspunkt.
3. **Legekontoret oppdaterer bestillinga i IHR med riktig prøvetakingstidspunkt**
4. Fullfør bestilling i IHR.

Dersom det er prøver som har kort haldbarheit og de ser det som hensiktsmessig at pasienten leverer prøva direkte/via post til sjukehuset, ber vi om at det i desse tilfella blir fylt ut papirrekvisisjon.

Dersom det også skal takast andre prøvar av pasienten (til dømes blodprøvar), ber vi om at det blir oppretta ei bestilling per prøvetakingstidspunkt/dato.

Korrigering til punkt 3: Prøvetakingstidspunkt vil automatisk oppdaterast til dagens dato og tidspunkt når ein går frå bildet «Forbered prøvetaking» til «Rapporter prøvetaking». Det vil seie at endringar som blir gjort med omsyn til prøvetakingstidspunkt i bildet «Forbered prøvetaking» vil overstyrast av den automatiske oppdateringa. Dersom prøvetakingstidspunkt avvik frå gjeldande tidspunkt, må dette synleggjerast på etiketten. Skriv riktig prøvetakingstidspunkt på etikettane for hand og marker dette. På denne måten vil mottakslaboratoria kunne ta omsyn til haldbarheita til prøvematerialet.


Plassering av etikettar på prøvebeholdar:

På enkelte analysmaskiner har vi hatt litt problem med å lese barkoden på IHR-etikettar. Vi har sett at plasseringa av etiketten på prøvebeholderen kan vere utslagsgjevande for om barkoden blir lest. Vi ber dykk difor om å klistre etiketten heilt opp i mot korka *sjå bildet under*.





Rutinar for etterbestilling av analyser i IHR

1. **Fullførte bestillingar i IHR:** Minner om at det ikkje skal opprettast meir enn ei bestilling i IHR i same tidsrom for same pasient. Dersom det er behov for å etterbestille analyser etter at ei bestilling er fullført i IHR, må de melde frå om dette til aktuelt sjukehuslaboratorium og be om at analysane blir lagt til. Dette kan gjerast ved å skrive ein beskjed om dette som følgjer prøva, eller ringe aktuelt sjukehuslaboratorium. Årsaken til at dette ikkje skal opprettast meir enn ei bestilling per pasient i same tidsrom, er at bestillingane i desse tilfella blir automatisk slått saman i sjukehuslaboratoria sine fagsystem. På denne måten vil berre den eine bestillinga vere gyldig. Det krev ein del manuelt arbeid å rydde opp i denne problemstillinga ved mottakslaboratoria, for å sikre at alle bestilte analyser blir utført.
2. **Bestillingar med status pågåande/oppretta, dvs ikkje fullført.** Dersom de får denne meldingsboksen i rekvireringsbiletet (*sjå bilete under*), tyder dette på at det er oppretta/pågåande bestillingar på denne pasienten som ikkje er fullført.




Det er mogelig å endre på ei bestilling inntil den er fullført, dvs oppretta og pågående bestillinger. Dette kan gjerast ved å velje aktuell bestilling i rekvireringsbiletet, og endre på denne.





Det er mogeleg endre ei bestilling frå biletet «Rapportert prøvetaking». Høgreklikk på bestillinga og vel «Endre». Ein kjem då automatisk inn i aktuell bestilling i «Rekvirere laboratoriemedisin»-biletet, der ein har mogelegheit å gjere endringar.



NB! Hugs å merke om att alle prøvebeholderar med nye etikettar dersom de gjer endringar på ei **pågåande** bestilling. «Pågåande bestilling» vil seie ei bestilling der etikettar er skrive ut, men ikkje fullført.

Kopimottaker

Det er oppretta ei eiga analyse for «Kopi av svar» i IHR. Vi ser nokre gongar at denne analysen blir bestilt i ei separat bestilling. «Kopi svar» leggst til på same måte som andre analyser. Om bestillinga er sendt ber vi om at laboratoriet blir kontakta slik at denne og andre analyser kan leggst til bestillinga. Hugs å velje rett tenestyter på analysen «Kopi av svar». Analysen «Kopi av svar» må bestillast for kvar tenestyter som det er bestilt prøver til.

Fullføre bestillingar/sjekke meldingsstatus og pågåande rekvisisjonar

Fint om de kan sjekke denne statuslinja eit par gongar for dag, og alltid på slutten på arbeidsdagen.

✘ Pågående rekvisisjoner: 1

✓ Utkast Bildediagnostikk:

✓ Meldingsstatus:

Dersom de har pågående bestillingar som ikkje er fullført, vil ikkje elektronisk rekvisisjon bli overført til mottakslaboratoria.

Informasjon om prøvehandtering

Informasjon om prøvehandtering er opplyst på venstreetiketten til kvart prøverør. Vi ser at vi i nokre tilfelle får tilsendt prøvar som må takast på nytt ved sjukehuslaboratorium, til dømes på grunn av spesialbehandling eller kort haldbarheit. De vil også finne informasjon om prøvehandtering i analyselistene til laboratoria, lenke finn de under «Henvisningsstøtte»



Sending av prøvemateriale til St.Olavs

Vi ønsker at de sender prøvemateriale direkte til St.Olavs, for dei analysane som ikkje analyserast i Helse Møre og Romsdal. Dersom de sender dei til lokalt sjukehuslaboratorium vil dette forsinke svartida.